

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 15.09.2020
Vår ref.: 200704150-211
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Innvordfjellet vindkraftverk - NVE oversender klage på avslag på søknad om utsatt frist for idriftsettelse av 08.07.2020

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) avslø i vedtak av 08.07.2020 søknad om utsett frist for idriftsetting av Innvordfjellet vindkraftverk i Trøndelag. Vedtaket er påklaga av Advokatfirmaet Thommessen AS, på vegne av Zephyr AS.

Klagen er gitt innan klagefristen og tilfredsstillar dei andre vilkåra for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 08.07.2020. Klagen blir derfor oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd.

Bakgrunn

Zephyr AS sendte melding til NVE om Innvordfjellet vindkraftverk 27.03.2007. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 04.12.2008. NVE tok imot konsesjonsøknaden om å bygga og driva Innvordfjellet vindkraftverk 01.09.2010. Søknaden vart sendt på høyring 29.09.2010, og Zephyr AS fekk konsesjon 12.12.2014.

Konsesjonsvedtaket vart påklaga og oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) 29.05.2015. OED stadfesta NVE sitt vedtak 22.03.2018. I vedtaket la OED til eit vilkår om hubroundersøking. Den 04.01.2019 godkjente NVE eit undersøkingsprogram for hubro med varigheit til og med våren 2020.

Zephyr AS søkte NVE 31.12.2019 om utsett frist for idriftsetting til 31.12.2023. Søknaden vart sendt på høyring 06.02.2020 med høyringsfrist 06.03.2020. NVE gav avslag på søknaden den 08.07.2020.

Klagen

Zephyr AS klaga på NVEs vedtak i brev av 12.08.2020. I det følgande er dei vesentlegaste klagegrunnane samanfatta.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

***Formålet med NVEs fristinnskjerping og Stortingets vedtak er ikkje aktuell i denne saka***

Zephyr AS skriv at NVE ikkje har gått grundig inn i omsynet bak praksisendringa for utsett frist for idriftsetting i sitt brev av 27.11.2019, utover å visa til teknologiutvikling og oppdatert kunnskapsgrunnlag, samt føringar i Stortingsmelding 25 (2015-2016). Zephyr AS meiner desse argumenta rettar seg mot prosjekt der det har gått lang tid frå konsesjonstidspunktet til utbygginga skal starta, eventuelt etter fleire utsettingar av tidspunkt for idriftsetting og der det ikkje føreligg oppdatert kunnskapsgrunnlag. Dei meiner det ikkje er aktuelt i prosjekt med nyare konsesjonar der kunnskapsgrunnlaget er oppdatert og det ikkje er bandlagt areal over lang tid. Zephyr AS meiner den same argumentasjonen også gjeld for Stortingets vedtak av 19.06.2020.

Sparsam grunngjeving frå NVE

Zephyr AS meiner NVE si grunngjeving for å gi avslag er sparsam. Dei viser vidare til at NVE har omtalt fleire omsyn som talar for å gi utsett frist for idriftsetting, som hubroundersøking og kortare frist enn vanleg for realisering av prosjektet. Zephyr AS skriv at NVE ikkje gir noko grunngjeving utover å visa til brevet av 27.11.2019 og Stortingets vedtak av 19.06.2020. Zephyr meiner denne sparsame grunngjevinga tilseier at NVE ikkje har gjort ei forsvarleg vurdering av omsyna for og imot fristutsetting.

Urimeleg tid til å realisera prosjektet

Zephyr skriv at forvaltinga ikkje kan gi ei løyve med så streng frist at løyva ikkje let seg realisera, og samtidig ikkje tillèt utviding av fristen. Dei viser vidare til at NVE i sitt avslag på utsett frist for idriftsetting for Gilja vindkraftverk la til grunn at fem år var tilstrekkeleg for utbygging av eit vindkraftverk, at det har betydning om utbyggar har hatt rimeleg tid til å realisera eit prosjekt og at det kan vera døme på å gi unntak for hovudregelen om utsett frist til og med avslutning av elsertifikatmarknaden 31.12.2021.

Zephyr meiner det hadde vore mogleg å nå den opphavlege fristen viss det ikkje hadde vore for vilkåret om hubroutrgreiing og klagehandsaminga hjå forvaltinga som «brukte opp» over halvparten av utbyggingsperioden.

Andre omsyn som ikkje er vurdert

Zephyr AS viser til at NVE ikkje har vurdert deira argument om avklaring av nettkapasitet og eventuelle oppgradering i transmisijsnett som har tatt tid. Dei meiner vidare at NVE burde vurdert samanhengen med nettutbygginga av vindkraftverka Ytre Vikna II som har fått utsett frist for idriftsetting til 31.12.2024. Dei fekk utsetting utelukkande som følge av oppgradering av regionalnettet var blitt utsett.

Vilkåret om frist for idriftsetting er uforholdsmessig og ugyldig

Zephyr AS meiner det strid mot energilovens formål og alminneleg forvaltningsrettslege prinsipp at det i anleggskonsesjon er vilkår som er så tyngande at utbyggar ikkje har høve til å realisera konsesjonen. Dei viser vidare til at noverande vilkår om frist for idriftsetting gjer at utbyggar ikkje kan realisera konsesjonen, dermed er vilkåret i seg sjølv uforholdsmessig tyngande og dermed ugyldig.

NVEs vurdering av klagen

I vedtaket vårt av 08.07.2020 vurderte NVE fordelane og ulempene ved ei utsett frist for idriftsetting. Zephyr AS sin søknad om konsesjonsendring vart handsama etter energilova § 10-4 annet ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle*



dersom konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren».

Etter NVEs vurdering medfører noverande vilkår om idriftsetting av vindkraftverket innan 31.12.2020 til at konsesjonen ikkje kan realiserast jf. vårt vedtak av 08.07.2020, noko som medfører vesentlege omkostningar for konsesjonæren.

NVE ser at det kan være argument for å skilja mellom konsesjonar som vart gitt for mange år tilbake og som har fått fleire fristutsetjingar, og konsesjonar av nyare dato.

Dette vart vege opp mot vårt brev av 27.11.2019 til alle konsesjonærar der vi opplyste om at frist for idriftsetting normalt ikkje ville forlengast utover 31.12.2021. Det er berre i særskilte tilfelle der konsesjonæren har kome langt i byggearbeida, men uventa forhold hindrar idriftsetting innan fristen at NVE likevel kan forlenga fristen for idriftsetting utover 31.12.2021. NVE meiner det ikkje er oppfylt i dette tilfellet.

Vi viser også til Stortingets vedtak av 19.06.2020, der gjeldande forvaltningspraksis og politikk er at ein ikkje ynskjer utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk på land i Noreg utover 31.12.2021.

Vi viser samtidig til at det er mogleg å vurdere prosjektet på nytt av NVE etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på Land, som kan leia til nye konsesjonsprosessen for vindkraftsaker.

Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at det i klagen er komen fram nye opplysningar som gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 08.07.2020. Klagen blir derfor oversendt Olje- og energidepartementet til endeleg avgjerle i medhald av forvaltningsloven § 33.

Alle sakens dokument blir gjort tilgjengeleg for departementet gjennom internettløysinga SeDok.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Flatanger kommune
NAMSOS KOMMUNE
ZEPHYR AS